

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Dato: **24.03.2026**

Referanse: **2025/3292**

Dykkar referanse:

Sakshandsamar: Bjørn Inge Midtgård

Søknad om prisjustering av takstane i prosjektet E39 Kristiansand vest - Lyngdal vest

I den opphavlege proposisjonen for prosjektet, Prop. 135 S (2016- 2017), står det at det «forutsettes at takstene blir justert i forhold til konsumprisindeksen». Me viser også til pkt. 6.3.3 i rettleiaren for bompengeprojekt. Takstane vart sist justert 23. mai 2025 med grunnlag i takstvedtak frå 11. april 2025. Ferde søker no om at takstane vert justerte med veksten i kpi – indeksen frå februar 2025 til februar 2026, som er 2,72 prosent. Dette gjeld for stasjonane Storemyr, Lohnelier, Holbekkstjønn og Skoieveien. For bomstasjon Herdal, som hadde oppstart av innkrevjing 3. juni 2026, vert det søkt om justering med 4,5 prosent, som er veksten i kpi – indeksen frå 4. kvartal 2024 til februar 2026.

Framlegg til nye takstar

Dagens takstar er slik:

Bomstasjon	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Skoieveien (Døle bru - Mandal)	33 kr.	98 kr.
Storemyr (Breimyr – Monan)	26 kr.	79 kr.
Lohnelier (Monan – Lohnelier)	45 kr	136 kr.
Holbekkstjønn (Lohnelier – Døle bru)	30 kr.	89 kr.
Herdal (Røyskår – Herdal)	35 kr.	106 kr.



Framlegg til nye takstar

Bomstasjon	Takstgruppe 1	Takstgruppe 2
Skoieveien (Døle bru - Mandal)	34 kr.	101 kr.
Storemyr (Breimyr – Monan)	27 kr.	81 kr.
Lohnelier (Monan – Lohnelier)	47 kr	140 kr.
Holbekkstjønn (Lohnelier – Døle bru)	30 kr.	91 kr.
Herdal (Røyskår – Herdal)	37 kr.	111 kr.

Takstane er avrunda til nærmaste heile krone. Alle rabatt- og fritaksordningar vert som før - og til ei kvar tid gjeldande takstretningslinjer skal følgjast.

Vidare prosess

Ferde legg opp til at takstane kan endrast tidlegast 4-6 veker etter at takstvedtaket er gjort.

Vedlagt følgjer utrekningsgrunnlaget for takstendringa.

Med helsing

Trond Juvik
administrerende direktør

Bjørn Inge Midtgård
myndighetskontakt

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Vedlegg:

- 1 Vedlegg_utrekningsgrunnlag26_E39 Lyng_krs



Mottakar(ar):
STATENS VEGVESEN